



Kartverket

Rekommandert

Meland kommune
Postboks 795906 FREKHAUG
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref. 11799829

Dato:

Sak/dok.: 17/33752-3

05.09.2017

Ark.:

Grunnboka er retta

Saka gjeld gnr. 23 bnr. 106, 567 og 568 i 1256 Meland kommune

Vi viser til førespurnad frå dykk 28.08.2017, der de bad oss rette grunnboka for eigedomane fordi vi har registrert feil rettshavar til vegretten.

Statens kartverk Tinglysing har retta grunnboka og registreringa av erklæringa som vart tinglyst 23.03.2016 med dokumentnummer 275534 ved at registrert gnr. 23 bnr. 568 som rettshavar til vegretten på gnr. 23 bnr. 106 i Meland kommune.

Vi har samtidig sletta gnr. 23 bnr. 567 som rettshavar til same vegretten.

Ei meir utfyllande forklaring følgjer nedanfor.

Fakta i saka

Ved tinglysinga av erklæringa 23.03.2016 med dokumentnummer 275534 registrerte vi at gnr. 23 bnr. 568 vart gitt rett til vann- og kloakkledning på gnr. 23 bnr. 106 i Meland kommune. Vi registrert i same dokumentnummer at gnr. 23 bnr. 567 hadde vegrett på gnr. 23 bnr. 106.

Vår vurdering

Vår tinglysingsgjenpart viser at det var gnr. 23 bnr. 568 som også skulle ha rett til veg på gnr. 23 bnr. 106. Vi har dermed registrert feil rettshavar til vegretten.

Det ligg føre ein tinglysingseil. Vi skal rette grunnboka når vi blir merksame på at ho er urett eller det på annan måte er gjort feil. Dette følgjer av tinglygingslova § 18.

Høve til å anke avgjerda

De og andre med rettsleg interesse kan anke denne avgjerda til Borgarting lagmannsrett. Ankefristen er éin månad frå den dagen de har fått eller burde ha skaffa dykk kjennskap til avgjerda, jf. tinglygingslova §§ 10, 10a og 10b. Har de fått melding om avgjerda i rekommandert brev, blir ankefristen rekna frå den datoen brevet vart sendt.

I anken må de vise til kva for ei avgjerd det gjeld og grunngi kva for endringar de ønskjer. Anken sender de til oss. Etter at vi har behandla anken, sender vi han vidare til lagmannsretten, som avgjer saka.

Gebyret for behandling av anke er seks gonger rettsgebyret, til saman 6 294 kroner, jf. rettsgebyrlova § 23a. Betal gebyret til Statens kartverks konto 6345 05 02415 og merk innbetalinga med matrikelnummer (knr. gnr. bnr. fnr. snr.). Gebyret må vere betalt innan ankefristen. Manglande betaling kan føre til at anken blir avvist.

Kravet om forskotsbetaling gjeld ikkje offentlege organ eller advokatar med rett til etterskotsbetaling.

Praktisk informasjon

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00.

Venleg helsing

Bjørn Rustad Nilssen
registerfører

Hege Aas Karlsen
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.